

Etneelva

BESTE LAKSEELVA I FYLKET

*Det er framleis liv i bang-
ande snøre. ETNEELVA har
vore den viktigaste elva for
sportsfiskarar i Hordaland
etter at laksefisket i Vosso
vart mellombels forbode.
Det vart teke vel 4 tonn laks
og sjøaure i Etneelva så
seint som i 2000, det beste
fisket på 10 år.
I heile landet er det berre
15–20 elvar som kan måla
seg med denne fangsten.*

Etneelva – og forgreining-
ane Sørrelva og Nordelva –
buktar seg, meandrerer,
gjennom lausmassane på si ferd
mot fjorden. Elva grev i massane
i yttersvingane og legg dei att i
innersvingane. Under flaum er
masseflyttingane meir effektive
enn til vanleg, og elva kan gjera
stor skade. Det har då òg vore
store skadeflaumar gjennom
tidene, sist i 1983 (©107–108).

Mest kjend er Etneelva for lakse-
fisket. Fiskesesongen varer om lag 100 døgn.
Grunneigarane sine inntekter frå fiskeutleige
åleine blir rekna til rundt 1,5 millionar
kroner i året.


I Etnevassdraget går laksen heilt opp til
Frette. Nokre skal jamvel ha teke laks ved
Øyno. Før det vart bygt ei lita laksetrapp,
var det vanskeleg for mindre fisk å passera
Håfoss. Det går òg laks opp Sørrelva til det
regulerte Litledalsvatnet.

Som elles i landet har det totalt sett vore
nedgang i fisket dei siste åra. Fangsten har
variert frå 7,7 tonn i 1990 og ned til under
3 tonn årleg. Heller ikkje Etneelva har unn-
gått problem med vasskraftregulering, lakse-
lus og rømd oppdrettslaks (©202), men elva
har framleis god, naturleg tilvekst av laks.



*Etneelva buktar seg gjennom grøderike lausmassar
på veg mot fjorden. (Helge Sunde)*

*Storfangst etter fiske i Etneelva
i byrjinga av førre
hundreåret.*



ELDORADO FOR FOSSEKALLEN

*Etneelva har bøg produksjon av vassinsekt, som i klekkinga skaper
livsgrunnlag også for fugleartar som lever langt unna elva. I elvestrek-
ninga nedanfor Stordalsvatnet finn vi den største, kjende vintersamlinga
av fossekall i Hordaland. Det er sett fleire titals individ samstundes ber,
helst i kalde periodar, når vassføringa ikkje er større enn at fossekallane
effektivt kan finna insektlarvar på botnen.*

*Fossekallen lever mykje av vårfluge- og steinflugelarvar, men saman
med lakсанд og gråbegre tek han òg ein del fiskeyngel. Dei et likevel ikkje
meir enn det naturen toler. Fossekallen er elles ein hardfør fiskar med
uvanleg tett kropps- og beinbygning, som gjer han rusta til eit liv i fossar
og stryk. Det blir årleg ringmerkt mange fossekallar i Noreg. Ein del av
dei er funne att i Sør-Sverige og Danmark om vinteren.*

*Håfoss i Etneelva er kanskje det beste overvintringsområdet i heile
Hordaland for fossekallen, den norske nasjonalfuglen. (Stig Tronvold)*

